

Vedtekter for øvre Suldal kommunale næringsfond (RSK)

Vedtatt i kommunestyret 18.12.2024, sak 89/24

§ 1 Heimel, kapital og avkasting

Næringsfondet er oppretta ved Kgl.res. av 21.12.1962.

Grunnkapitalen er på kr 350 000,- innbetalt av Røldal-Suldal kraft AS. Grunnkapitalen er bundne midlar.

Det blir innbetalt årlege konsesjonsavgiftsmidlar i frå Lyse Kraft DA som per 2024 utgjer kr 305.000,-. Grunnkapitalen og årlege konsesjonsavgiftsmidlar skal plasserast i bank til best mogleg rente.

Årlege konsesjonsavgiftsmidlar og avkasting på bankinnskott kan nyttast til tilskot.

§ 2 Føremål

Fondet skal nyttast til tiltak som kan fremja næringslivet og busetnaden i området som er råka av vassdragsreguleringa (Bratlandsdalselva, Grubbedalselva, Kvandalselva, Bleskestadselva, Suldalsvatnet og Suldalslågen). Fondet skal fortrinnsvis nyttast til å fremja etablering av ny næringsverkemd og til vidareutvikling av eksisterande verksemder inkludert landbruk og skogbruk. Det kan gis stønad til enkeltpersonar, verksemder, lag og foreningar.

Ved utdeling av midlar frå fondet skal eigarane av gardar som har selt vassrettane sine i Bratlandsdalselva, Grubbedalselva, Kvandalselva, Bleskestadselva og Roalkvamselva gjerast fortrinn under elles like vilkår.

§3 Tilhøvet til internasjonale forpliktingar på statsstøtteområdet

Bruken av fondet skal vera i samsvar med det internasjonale regelverket Noreg til ei kvar tid har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§4 Vilkår for stønad

Det kan ikkje gis støtte til løpande drift av verksemder.

Samla finansiering frå fondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstiga 50 % av det totale kapitalbehovet for eit prosjekt,

Det kan ikkje gis støtte til sanering av gjeld i private verksemder. Dette utelukkar ikkje støtte frå fondet ved refinansiering av ei verksemd etter gjennomført gjeldssanering.

§5 Forvalting

Kommunestyret oppnemner fondsstyre. Fondsstyret skal ha 3 medlemmer og 1. og 2 varamedlemmer. Styret er beslutningsdyktig når 3 er til stades. Styret vel sjølv leiar.

Kapitalen:

Fondsmidla vert plassert på renteberande konto slik at midla er disponible til ei kvar tid. Renter og avdrag vert tilbakeført til fondet.

Budsjett/rekneskap:

Budsjett og rekneskap for fondet vert lagt til det budsjettet og den rekneskapen som kommunen fører, og skal vera i samsvar med føresegnene for dette.

§6 Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding om fondet si verksemd for kommunestyret kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast Statsforvaltaren og fylkeskommunen.

§7 Godkjenning av vedtekter

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret

Vedtaket treng godkjenning av Statsforvaltaren og kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

Vedtektene er vedtekne av Suldal kommunestyre i sak 89/24 den 18.12.2024.